




NORGES
DOMSTOLER

Årsmelding 2024

Møre og Romsdal jordskifterett



«Jordskifteretten sitt samfunnsoppdrag er gjennom offentlig rettargang å legge til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eiendom og ressursar knytt til fast eiendom til beste for eigarar, rettshavarar og samfunnet.»

Jordskifteretten

Jordskifteretten er ein særdomstol som skal medverke til å løyse problem knytt til fast eiendom eller rettar til fast eiendom. Jordskifteretten handsamar alle type eigedomar i by og land ved 19 jordskifterettar og 34 rettsstadar spreidd over heile Noreg.

I hovudsak omfattar sakene tre sakstyper:

I **rettsfastsettande saker** vert det avgjort kvar grensa går, kven som har vegrett eller liknande bruksrettar.

I **rettsendrande saker** vert eigedomsforholda først avklart, og deretter endra eller tilpassa den aktuelle situasjonen ved f.eks. justering av grenser, makebyte, arealomforming og frådelingar, eller omforming og etablering av bruksrettar. Slike saker kan også gå ut på å etablere reglar for felles bygging og bruk av private vegar, samarbeid om jakt og fiske, eller bruk av fellesareal i bustad-område.

Skjønn for jordskifteretten kan m.a. gå ut på å fastsette pengevederlag ved oreigning av rett til å bruke privat veg, fordele kostnader til vedlikehald av felles privat veg, fordele kostnader til etablering og vedlikehald av nabogjerde eller fastsette vederlag for avskipping av råderett på annan eiendom mv.

Jordskifteretten legg stor vekt på å vere ein lågterskel konfliktløysar der ein legg til rette for at partane sjølve kan prosedere saka og der bruk av rettsmekling er viktig for å kunne løyse sakene på lavast mogleg nivå.

Jordskifteretten samhandlar med partane digitalt og arbeider kontinuerleg for at rettargangen skal vere så enkel som mogleg.

Som part i ei jordskiftesak er det mogleg å registrere seg som brukar på aktørportalen for domstolane og samhandle med jordskifteretten digitalt.

Møre og Romsdal jordskifterett

Rettskretsen

Møre og Romsdal jordskifterett dekkjer alle kommunane i Møre og Romsdal, pluss Rindal kommune i Trøndelag. Domstolen har rettsstadar i Surnadal, Molde og Ørsta.

I 2024 vart det endeleg avklart at det ikkje vert reversering av struktur-reforma for Møre og Romsdal jordskifterett sin del.

Det er no på høyring eit lovforslag om å lovfeste rettsstadane i Surnadal, Molde og Ørsta.

Saksavvikling

I 2024 vart det avslutta 75 saker. 6 av desse sakene vart avslutta med tilkalla dommar frå annan jordskifterett.

Totalt vart det merka 152 km med grenser og det vart målt inn 2178 grensepunkt og sett ned 889 nye grensemerke.

Det har vore rettsmekla i 23 saker, og oppnådd forlik i 12 av desse. Dette utgjør ein forliksprosent på 52 %.

Det kom inn 62 nye saker i 2024. Dette er 12 fleire saker enn året før. Av sakene som kom inn var 42 rettsfastsettande, 14 rettsendrande, 4 skjønne og 2 krav om gjenopning.

Pr. 31.12.2024 hadde domstolen 110 saker i restanse, noko som er ein reduksjon på 13 saker frå året før.

Saksbehandlingstid

Saksbehandlingstida i 2024 var på 31,3 månader i gjennomsnitt for alle sakstypene, og behandlingstida vart

påverka av at domstolen avslutta fleire gamle saker.

Stortinget har vedteke at måltala for saksbehandlingstid i snitt skal vere 9 månader for dei rettsfastsettande sakene og 15 månader for dei rettsendrande sakene. Vi arbeider kontinuerleg for å kome inn under måltala så snart som råd.

Møre og Romsdal jordskifterett har dei siste åra redusert restansane med ca. 60 saker. Dette gjer at ein i dag har ei ventetid for få behandla nye krav på godt under eitt år.

Bemanning

Møre og Romsdal jordskifterett har 6 jordskiftedommarar, ein jordskiftedommarfullmektig, 8 ingeniørar, tre saksbehandlarar og ein jordskifterettsleiar som også er dommar. Det er 5 tilsette på kvar av rettsstadane i Surnadal og Molde, og 9 i Ørsta.



Gamal merkefuru

NORGES DOMSTOLER

*Domstolane skal vere uavhengige.
Dei skal sikre og fremje rettstryggleiken
og verne om rettssamfunnet.
Domstolane skal ha høg tillit i samfunnet.*

Besøksadresse:

Strandgata 5A, Ørsta
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, Molde
Bårdshaugvegen 1, Surnadal

Postadresse:

Møre og Romsdal jordskifterett
Postboks 102
6151 Ørsta

Tlf: 70 33 37 50

E-post:

jmorpost@domstol.no

www.domstol.no